



Kø i Fjellhaugen, men ikkje i år...

Styret for Fjellhaugen Skisenter har kome med ei relativt kritisk uttale til kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet. Leiar er uskedelingen Eskil Moen, som mellom anna set spørsmålsteikn ved kommunens definisjon av private. Kommunen er majoritetseigar og tilskot til og oppfølging av senteret bør prioriterast deretter og ikkje anses som eit privat anlegg, held han fram.

Styret registrerer at det er mykje som skal prioriterast i planen, Det ligg i dette at noko då skal prioriterast med meir enn anna. Lista visar at både Fjellhaugen, Folgefonnbana og Kvinnherad Rosenter skal prioriterast. Då synes det vanskelleg å se kva som ikkje skal prioriterast, påpeikar styret. Det etterlysar ein større vilje til å gjere reelle prioriteringar og ikkje berre smørja midlane tynt over alle gode føremål.

Styret registrerar imidlertid at administrasjonen har teke med seg signala om skisenterets driftssituasjon. Det set dei pris på. Styret og generalforsamlingen har ved gjentekne høve etterlyst ein betre plan for kva ein ynskjer med senteret frå kommunen si side,

Styret sleg fast at den er ein svært passiv eigar og manglande bidrag frå kommunen si side vert opplevd som svært demotiverande for dei frivillige som står for drifta.

Styret ved Eskil Moen skriv at kommunen er svært heldig som har den frivillige innsatsen i Fjellhaugen. Det vert lagt ned eit stort tal på dagsverk i dugnadstimar men kommunen bør etter kvart komme på bana og gje senteret eit sårt tiltrengt løft, skriv Moen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



[Eskil Moen frå Uskedalen er styreleiar i Fjellhaugen](#)